

**Fra:** Asbjørn Nagell Toft  
**Sendt:** torsdag 5. oktober 2023 08:41  
**Til:** Bjørnar Fjellhaug  
**Kopi:** Ketil Tjore  
**Emne:** Kontaktpersonar frå kommunane til vassområdeutvala i Vestland vassregion 2023-2027  
**Vedlegg:** Kontaktpersonar frå kommunane til vassområdeutvala i Vestland vassregi (L)(296879).pdf

Hei Bjørnar Fjellhaug

Når det nye kommunestyret er på plass må det veljast ein rep, med vara politisk til dette arbeidet:

### **Kontaktpersonar frå kommunane til vassområdeutvala i Vestland vassregion 2023-2027**

**I dag er ordførar Per Lerøy rep her. Det er naturleg at varaordførar er vara her.**

#### **Vestland fylkeskommune skriv:**

##### *Nye kontaktpersonar*

##### *Politisk representant*

Vi ber kommunen velje ny politisk kontaktperson med vara som kan representere kommunen i vassområdeutvalet kommunen høyrer til. For å få til god forankring i kommunen rår vi til at ordførar er kommunen sin politiske representant. Det skal veljast:

- 1) politisk representant til x vassområdeutval, fortrinnsvis ordførar
- 2) politisk representant vara til x vassområdeutval

##### *Administrativ representant*

Kommunen har tidlegare valt ein administrativ person som koordinerer arbeidet med vassforvaltning i kommunen i det daglege arbeidet. Eit eige forum for dei administrative kontaktpersonane er oppretta i kvart vassområde (administrativ gruppe). Vedlagt ligg ei liste over administrative kontaktpersonar i kommunen. Vi ber kommunen kvalitetssjekke lista og sende oss opplysningar som

- 1) stadfestar administrativ representant frå kommunen, eventuelt ny representant
- 2) vara til administrativ representant

For alle representantar er det ei føremøn med interesse for vassforvaltning.

**Eg kan stadfesta, om du vil at eg kan vera administrativ rep som før.**

**Bjørn Størkersen er vara til meg. Eg kan stadfesta at han vert vara som før.**

**Skal eg stadfesta dette?**

**Det må lagast ei enkel sak til kommunestyret på dette politiske valet.**

Med vennleg helsing  
Asbjørn Nagell Toft

Avdelingsleiar

.....

Austrheim kommune

Telefon: 56 16 21 41/416 51 463

[www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no)

